

Kva er ei motorvogn?

Vegtrafikklova gjeld all trafikk med *motorvogn*, jf. § 1. For motorvogner gjeld det særskilde reglar om registreringsplikt, ruspåverknad av føraren, forsikringsplikt og objektivt erstatningsansvar. Brot på reglane fører som regel til straff i medhald av vegtrafikklova, kap. V Reaksjoner ved overtredelse m.m.

Spørsmålet om segway er motorvogn, kan også ha noko å seie for erstatningsrettslege spørsmål, som høyrer heime i rettslære 2. Dersom slike køyretøy etter forskriftskrava ikkje er å rekne som motorvogn, gjeld vanlege erstatningsrettslege reglar, for eksempel reglane i skadeserstatningsloven av 1969. Køyretøy som ikkje fyller forskriftskrava, for eksempel ein segway eller ein elektrisk sykkel som kan køyre fortare enn 20 km/t, er å rekne som motorvogn. I så fall er det ansvarsforsikringsplikt, og bilansvarslova trer i funksjon.



Dette biletet er henta frå læreboka *Rettslære 1*, side 315. Biletteksten opplyser om at Segway-dommen frå Högsterett, som vart kunngjord 31.10.2016, slo fast at ein segway er å rekne som motorvogn. Føring av slike køyretøy kom derfor inn under dei alminnelege reglane om ruspåverknad. Dommen hadde ikkje berre verknad for segwayar, men også for elektriske sparkesyklar.

Segway (ståhjuling), sparkesyklar osv.

Læreboka *Rettslære 1* vart utgitt i 2017. På det tidspunktet var Segwaydommen i samsvar med gjeldande rett.

Det følgjer av vegtrafikklova § 4(1) at Kongen kan gi alminnelege reglar (forskrifter) for køyrande. Sykkelforskrifta vart endra i 2018 slik at mellom anna ein segway, medrekna elektrisk sparkesykkel, normalt ikkje vil vere motorvogn, men sykkel. Forskrifta § 2 femte ledd lyder no slik:

«Som sykkel regnes også elektrisk drevet kjøretøy for transport av én person (føreren). Innretningen må ha egenvekt ikke over 70 kg (inklusive batteri), brekke ikke over 85 cm, lengde ikke over 120 cm og konstruktiv hastighet ikke over 20 km/t. Kjøretøy uten selvbalanserende teknologi tillates ikke å ha sitteinnretning. Kjøretøy som nevnt i dette ledd anses ikke som motorvogn etter vegtrafikkloven § 2.»

Biletet viser segwayar som ser ut til å tilfredsstille dei nye krava til sykkel dersom dei har ei fartssperre ved 20 km/t. Promillekjøring med slike kjøretøy vil ikkje bli vurdert som brot på vegtrafikklova § 22.



Ved høg promille kan køyringa vere brot på den generelle regelen i § 21 eller aktsemdsregelen i § 3. Elektriske sparkesyklar blir også rekna som syklar, men den konstruktive hastigheita må ikkje vere over 20 km/t. Med konstruktiv hastigkeit er det meint maksimal hastigkeit som køyretøyet kan oppnå utan å endre produsenten sin konstruksjon vesentleg. Den som på eiga hand endrar fartssperra slik at hastigheita kan komme opp i meir enn 20 km/t, gjer eigentleg sykkelen om til ei motorvogn (motorsykkel) med registreringsplikt, forsikringsplikt og førarkortplikt, og han eller ho kan bli ramma av dei alminnelege reglane for promillekøyring.

Elektriske syklar

Kan ein elektrisk sykkel vere motorvogn? Normalt ikkje, dersom han tilfredsstiller krava til sykkel i sykkelforskrifta § 2 første og andre ledd, som lyder slik:

Sykkel: Kjøretøy som drives frem ved trå- eller veiveanordning, unntatt kjøretøy som bare er beregnet for lek.

Som sykkel regnes også kjøretøy som nevnt i første ledd og som er utstyrt med elektrisk hjelpemotor med maksimal nominell effekt på høyst 0,25 kW hvor hjelpemotorens effekt reduseres og opphører når kjøretøyet oppnår en hastighet på 25 km/t, eller tidligere hvis syklisten slutter å trå/veive. Det tillates at kjøretøyet har fremdrift kun ved motorkraft opp til 6 km/t. Kjøretøy som nevnt i dette ledd anses ikke som motorvogn etter vegtrafikkloven § 2.

Sykkel er likevel eit kjøretøy. Vegtrafikklova gjeld for kjøretøy som blir brukt på veg eller anna område som har alminneleg motorvogntrafikk, jf. vegtrafikklova § 1(1). Sykling på privat område, til dømes gardstun eller på sti i skogen, blir ikkje ramma av vegtrafikklova. Syklistar kan berre straffast for promillesykling når vegtrafikklova gjeld. Dessutan er det nødvendigvis ikkje uforsvarleg å sykle etter tre glas vin (0,6 promille), mens ein førar av motorvogn med slik promille kan bli straffa med fengsel.